

Skikrinsstyret @

Sakshand.: YT/IF/ FÅ

Dato: 22.08.2016

Arkivk.: styret/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 05 I SKIKRINSSTYRET, 2015-2017
--

Stad Loen, Hotel Alexandra

Tidspunkt: 20.-21. august 2016.

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 59 15-17	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 60 15-17	Godkjenning av protokoll frå møte nr. 04 15-17 i Skikrinsstyret
SAK 61 15-17	SFSK AK protokoll nr. 04 15-17
SAK 62 15-17	SFSK AK referat frå Vår møtet 15.06.2016
SAK 63 15-17	SFSK HKK referat frå Vår møtet 09.06.2016
SAK 64 15-17	SFSK LK protokoll nr. 03 15-17

RAPPORTERING

SAK 65 15-17	Rekneskapsrapport pr. 30.06.2016
SAK 66 15-17	Rapport frå greinkomiteane

ORIENTERINGSSAKER

SAK 67 15-17	Idrettsregistreringa 2015
---------------------	----------------------------------

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 68 15-17	Evaluering av Anleggseminar, 09.06.2016
SAK 69 15-17	Felles heiskortsystem for alpinanlegga i Sogn og Fjordane
SAK 70 15-17	Anleggsplan 2017-2021
SAK 71 15-17	Haustmøtet 2016
SAK 72 15-17	Marknad; status og vidare arbeid
SAK 73 15-17	Ski i Skulen
SAK 74 15-17	Skipolitisk dokument 2016-2020 - Skiforbundet sin Utviklingsmodell (SUM)
SAK 75 15-17	Organisering av Norges Skiforbund mellom forbund og krets

EVENTUELT

SAK 76 15-17	Yrkesfagleg studieretning – kombinert med toppidrettssatsing
---------------------	---

- TIL STADES:** Inge Fænn, Finn Årdal, Arthur Hegrenes Atle Hamar, Gunnar Fannemel og Yngve Thorsen (adm.)
- FORFALL:** Reidun Hegrenes og Hallvard Nygård
- MERKNADER:**
- REFERENT:** Yngve Thorsen
-

REFERATSAKER

- SAK 59 15-17** **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.
- VEDTAK**
Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste
- SAK 60 15-17** **Godkjenning av protokoll frå møte nr. 04 15-17 i Skikrinsstyret**
Bakgrunn
Protokoll frå styremøte nr. 04 15-17 er sendt ut tidlegare for godkjenning. Protokollen er også lagt ved som vedlegg.
- VEDTAK**
Skikrinsstyret godkjenner protokoll frå styremøte nr. 04 15-17
- SAK 61 15-17** **SFSK AK protokoll nr. 04 15-17**
Bakgrunn
Protokoll frå møte nr. 04 15-17 i alpinksjetteen er vedlagt.
- VEDTAK**
Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.
- SAK 62 15-17** **SFSK AK referat frå Vårmetet 15.06.2016**
Bakgrunn
Referat frå alpinksjetteen sitt Vårmetet er vedlagt.
- VEDTAK**
Skikrinsstyret tek referatet til orientering.
- SAK 63 15-17** **SFSK HKK referat frå Vårmetet 09.06.2016**
Bakgrunn
Referat frå hopp- og kombinertskjetteen sitt Vårmetet er vedlagt.
- VEDTAK**
Skikrinsstyret tek referatet til orientering.
- SAK 64 15-17** **SFSK LK protokoll nr. 03 15-17**
Bakgrunn
Protokoll frå møte nr. 03 15-17 i langrennskjetteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING

SAK 65 15-17

Rekneskapsrapport pr. 30.06.2016

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 30.06.2016 er utsendt på førehand.

Rapporten vart lagt fram av adm. sjef.

Nøkkeltal pr. 30.06.2016;

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Budsjett 1. halvår
kr 2 281 093,65	kr 1 882 933,13	kr 398 160,52	kr 228 000,00
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU Resultat	AU Budsjett 1. halvår
kr 486 356,19	kr 365 912,39	kr 120 443,80	kr 149 750,00
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat	AK Budsjett 1. halvår
kr 886 973,85	kr 597 197,84	kr 289 776,01	kr 64 100,00
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat	HKK Budsjett 1. halvår
kr 28 120,00	kr 16 862,00	kr 11 258,00	kr -5 250,00
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.	LK Budsjett 1. halvår
kr 879 643,61	kr 902 960,90	kr -23 317,29	kr 19 400,00

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 66 15-17

Rapport frå greinkomitèane

Bakgrunn

Leiarane i alpin- hopp/ kombinert og langrennskomiteen la i møtet fram:

- 1) Status i respektiv komitè
- 2) Komiteen sine planar og aktivitet hausten 2016/ vinteren 2017

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 67 15-17

Idrettsregistreringa 2015

Bakgrunn

Idrettsregistreringa som no heiter «Samordna søknad og rapportering» hadde frist 30. april 2016. Her skal idrettslaga rapportere ein del nøkkelopplysningar som medlemstal, aktive medlemmer, styreverv etc.

Rapportering av medlemsopplysningar har frist 30. april kvart år, og her skal m.a. skigruppene rapportere «Aktive medlemmer».

For idrettslag og særgrupper er det særdeles viktig å rapportere riktige tal på «Aktive medlemmer», då dette dannar grunnlag for tildeling av m.a. lokale aktivitetsmidlar m.m.

Av medlemmane i idrettslaget skal følgjande registrerast som aktive i skigruppa:

- Alle utøvarar, både dei som er aktive innan konkurransar, og alle som deltek på aktivitetar innan trening, trimaktivitetar, turrenn, karusellrenn etc.
- Alle som har eit verv eller oppgåve i idrettslaget; styreverv, komitèar, og alle andre valte eller oppnemnde funksjonar – trenarar, oppmenn og andre faste oppgåver som utførast over ein tidsperiode – andre faste oppgåver innan f. eks. arrangement; tidtakarar, stadion, løyper, kafè, sekretariat osv.

Oppgåva skal gjerast over ein tidsperiode, for eksempel skal ein føresett som har ei oppgåve knytt til arrangement, er i staben og gjer ein tildelt jobb fleire gangar teljast med som aktiv.

Sogn og Fjordane Skikrins – Idrettsregisteringa 2006-2015

Fig. 1) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins 2006-2015




Fig. 2) Idrettsregistreringa 2015 Sogn og Fjordane Skikrins, fordeling av medlemsmassen.




Fig. 3) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins aldersgruppa 6-12 år, 2006-2015




Fig. 4) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins
aldersgruppa 13-19 år, 2006-2015





Fig. 5) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins, aldersgruppa 6-12 år
samanlikna med aldersgruppa 13-19 år



VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka og drøftingane til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 68 15-17

Evaluering av Anleggseminar, 09.06.2016

Bakgrunn

Viser til oppfølging av følgjande vedtak i Skikrinsstyret:
Sak 46 15-17 og Sak58 15-17.

Sogn og Fjordane Skikrins og Sogn og Fjordane fylkeskommune avvikla Anleggseminar ved Thon Jølster Hotell, 09. juni 2016.

Tema for seminaret var knytt til drift og utvikling av skianlegg.

Seminaret samla nærare 50 representantar frå fylkeskommune, kommunar, anleggseigarar, idrettsråd, idrettslag og skikrins.

Konkrete tema og forelesarar på seminaret var:

Korleis kan ein etablere eit felles heiskortsystem for alpinanlegga i Sogn og Fjordane?

v/ Inge Fænn (Sogn og Fjordane Skikrins)

Paneldebatt;

Kan vi få til fellesheiskortsystem frå 2018? Korleis kan alpinanlegga samarbeide og få til ei fornuftig utvikling ?

I panelet; Marita Lindvik (Visit Nordfjord), Tor Bremer (Sogn Skisenter), Marit Gjerland (NSF), Erling Bjørnetun (Luster kommune), Stein Bjørhovde (Harpefossen Skisenter), Pål Fidjestøl (Sparebankstiftinga) og Even Hole (Jølster Skisenter).

Paneldebatten vart leia av Eldgrim Fossheim.

«Snow for the future»

Korleis få til meir heilårsaktivitet, fleirbruk og brukarbetaling i anlegga ?
v/ Marit Gjerland, anleggsrådgjevar (NSF)

Korleis drifte og utvikle anlegg for snøproduksjon?

v/ Mats Mørch (Tryvann Skisenter/ Alpinanleggens Landsforening)

Generell løypepreparering og kravspesifikasjon til drift av langrennsanlegg

v/ Per Nymoen (NSF) og Johannes Haukåssveen (Ringsaker Almenning)

Korleis utvikle kreative anlegg for skileik og langrennscross?

- herunder; utvikling av rekrutteringsanlegg for hopp
v/ Erik Aas Andersen (NSF)

Salting av skiløyper

v/ Anders Fortun (Sognefjellet Sommarskisenter)

Ski-aktivitet for personar med nedsett funksjonsevne – korleis kan anlegga leggast betre til rette ?

v/ Asle Sande (NAV Hjelpemiddelsentralen/ Sogn og Fjordane Skikrins)

Presentasjon av kartlegging av universell utforming 2015 ved ski-anlegg i fylket, kva fann vi ?

v/ Jo Tore Kristoffersen (Sogn og Fjordane fylkeskommune)

Informasjon om ulike tilskotsordningar

- Spelemiddelordninga v/ Atle Skrede (Sogn og Fj. fylkeskommune)
- Spelemidlar til utstyr v/ Marit Gjerland (NSF)
- Spelemidlar til prepaperingsutstyr for langrenn v/ Marit Gjerland (NSF)
- Programsatsingsmidlar rulleskibaner v/ Marit Gjerland (NSF)

Utvikling av anlegg for rulleski

v/ Yngve Thorsen (Sogn og Fjordane Skikrins)

Korleis involvere drettsråda i utvikling av ski-anlegg på tvers av kommunane?

v/ Ingrid Narum (Sogn og Fjordane Idrettskrins)

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vedtak om å legge til rette for tilsvarende seminar med ein rytme på annankvart år.

SAK 69 15-17

**Felles heiskortsystem for alpinanlegga i Sogn og Fjordane
Bakgrunn**

Som eit ledd i oppfølginga etter Anleggsseminaret 09. juni er det etablert ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ei ordning med felles heiskort for alpinanlegga Sogn og Fjordane, «*Sogn og Fjordane – passet*».

Arbeidet med eit felles heiskortsystem for alpinanlegga i fylket er også forankra Sogn og Fjordane Skikrins sin Anleggsplan 2013-2017, samt tidlegare vedtak i Skikrinsstyret.

Arbeidsgruppa er sett saman av følgjande:

- Atle Hamar (Sogn og Fjordane Skikrins/ Jølster Skisenter)
- Tor Bremer (Sogn Skisenter)
- Stein Bjørhovde (Harpefossen Skisenter)
- Yngve Thorsen (Sogn og Fjordane Skikrins)
- Atle Skrede (Sogn og Fjordane fylkeskommune)

Sidan 09. juni har ein først og fremst fått kartlagt at alle skianlegga som er aktuelle til å vere med i ordninga, har ein versjon av SKIDATA, som kan oppgraderast med nødvendig software.

Vidare framdriftsplan:

- 15. august 2016:
Sogn og Fjordane Skikrins sender informasjon til aktuelle alpinanlegg om framdrifta i arbeidet, og annonserar eit informasjonsmøte v/ Thon Jølster Hotell 28. september 2016.
- 23. august 2016:
Avtala møte med Sparebankstiftinga v/ Pål Fidjestøl. Frå arbeidsgruppa møter Atle Hamar, Yngve Thorsen og Atle Skrede. Målet for møtet er å presentere konseptet, og avdekke evt. krav til søknad om medfinansiering frå Sparebankstiftinga.
- 01. september 2016:
Søknadsfrist Sparebankstiftinga. Mest truleg vil ein søkje Sparebankstiftinga om kr. 250 000,- i støtte til etablering av ordninga. Søknadssummen vil vere knytt til oppgradering av software (SKIDATA) i alpinanlegga, samt marknadsføring av «Sogn og Fjordane – passet».

Jamfør uformelle samtalar med SKIOO v/ Endre Løvås vil oppgradering av SKIDATA ha ei kostnadsramme på ca. kr. 15 000,- + mva. pr. anlegg.

(SKIOO er leverandør av system for skipass som har til hensikt at kundane skal kunne bruke eitt og same heiskort i flest mogleg alpinanlegg).

- 06. september 2016:
Møte i arbeidsgruppa v/ Thon Jølster Hotell.
I tillegg til arbeidsgruppa møter også SKIOO v/ Endre Løvås. I møtet vil Løvås m.a. presentere ein modell for korleis SKIDATA kan oppgraderast i aktuelle anlegg.
- 28. september 2016
Informasjonsmøte med alpinanlegga (v/ dagleg leiar/ driftsleiar og styreleiar).
- 15. oktober 2016
Marknadsføringskampanje

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 70 15-17

Anleggsplan 2017-2021

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin Anleggsplan 2013-2017 vart vedteken i samband med Skikrinstinget i 2013.

Planen vart seinare revidert i samband med Skikrinstinget i 2015.

I samband med Skikrinstinget våren 2017 skal det gjerast vedtak om ny Anleggsplan for planperioden 2017-2021.

I samråd med leiar i anleggskomiteen, ber adm. sjef om at Skikrinsstyret drøftar form og innhald i ny Anleggsplan. Og at Skikrinsstyret definerar føringane for den vidare prosessen med nytt planverk.

Ved revidering av gjeldande plan i 2015 la Skikrinsstyret til grunn følgjande retningslinjer for anleggskomiteen og administrasjonen sitt arbeid:

- 1) Oppdateringar av faktaopplysningar
- 2) Oppdatering om planar for rehabilitering/standardheving av eksisterande anlegg eller nyanlegg
- 3) Eventuelle konkrete framlegg til omprioriteringar i gjeldande anleggsplan

Anleggsplan 2013-2017 er lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Saka vert utsett til neste møte i Skikrinsstyret.

SAK 71 15-17

Haustmøtet 2016

Bakgrunn

I høve til Sogn og Fjordane Skikrins si lov fastset Skikrinsstyret tid og stad for Haustmøtet. Skikrinsstyret fastset også øvrige rammer for møtet, t.d. knytt til den faglege fellesdelen.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Haustmøtet skal avviklast 07. november 2016, v/ Thon Jølster Hotell på Skei.

Leiar og adm. sjef får fullmakt til å utarbeide endeleg program for møtet sin fellesdel.

SAK 72 15-17

Marknad; status og vidare arbeid

Bakgrunn

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Fylkeskommunen	AU/Ski i Skulen	2016	Prossessen kring reforhandling av avtalen er i gang.
Skiing Norway, Hotel Alexandra	AU	2017	Avtalen er fakturert NSF nov. 2015. Ny fakt. nov. 2016.
Skiing Norway, Skogstad Sport AS	AU	2018	Avtalen er fakturert NSF nov. 2015. Ny fakt. nov. 2016.
AVIS Bilutleige	AU	2018	Avtalen er reforhandla og signert i des. 2015.
ByggTeam AS	Langrenn	2018	Avtalen er reforhandla t.o.m. våren 2018. Økonomisk nivå er same som tidlegare. Ny avtale er signert august 2015.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	2017	Avtalen vart reforhandla og signert vinteren 2015. Avtalen strekker seg t.o.m. 31.12.2017. Økonomisk nivå er same som tidlegare.
G-Sport/ Erdal Sport AS	Langrenn	2017	Ny to-årig avtale er signert november 2015. Utstyrsavtale.
SFE	Hopp/ langrenn	2016	Prosess om evt. ny avtale er ikkje igangsett.
COOP Vest SA	Alpint	2016	Prosess om evt. ny avtale er ikkje igangsett.
Frydenbø	Alpint	2017	Ny to-årig avtale er signert våren 2015. Økonomisk nivå er same som tidlegare.
Fjord1	Alpint	2018	Avtalen er reforhandla for 3 nye år og signert i september 2015. Økonomisk nivå er noko bedre enn tidlegare.
Sparebanken Vest	Alpint	2018	Ny avtale signert oktober 2015.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at reforhandling av følgjande avtalar skal følgjast opp slik:

- Sogn og Fjordane Fylkeskommune (Utviklingsavtale – Ski i Skulen)
Ansv. oppf.: Yngve Thorsen (adm. sjef)
- COOP Vest SA (Markedsavtale – alpinksomiteen)
Ansv. oppf.: Atle Hamar (AK)
- SFE (markedsavtale -hopp/ kombinert/ langrenn)
Ansv. oppf.: Gunnar Fannemel (HKK) og Yngve Thorsen (adm. sjef)

SAK 73 15-17

Ski i Skulen

Bakgrunn

Prosjektet Ski i Skulen har vinteren 2016 vorte gjennomført ved følgjande skular:

Skule	Tal elevar
Gaupne skule	30
Flatbygdi skule (Vik)	35
Breim Skule	45
Flatene skule	55
Tonning skule	50
Nordfjordeid skule	50
Trudvang skule	58
Leikanger Barneskule	68
Sunde Barneskule	25
Haugen skule	34
Sagatun skule (Balestrand)	25
Dingemoen skule (Dale i Sunnfj.)	26
Flekk Skule	12
Totalt 13 skular	513 elevar

Samla har 13 skular, og totalt 513 elevar teke del i prosjektet.

Generell informasjon om prosjektet

Målsetjing

- skape ei god skiopplæring i grunnskulen, der skiglede i snø er eit sentralt moment.
- bidra til auka fysisk aktivitet blant born og ungdom gjennom aktivitet vinterstid

Prosjekteigar

Prosjekteigar er Sogn og Fjordane Skikrins.

Andre viktige støttespelarar i prosjektet er Sogn og Fjordane Fjordane fylkeskommune, Sparebankstiftinga og Norges Skiforbund.

Økonomi

Gjennom m.a. prosjektmidlar dekker skikrinsen transportkostnaden t/r skianlegga for elevane, i tillegg til honorar og reisekostn. for instruktørar rekruttert frå lokale idrettslag (el. skikrinsen).

Innhald i undervisninga

Skiaktivitet på flate

- lære ferdigheiter knytt til klassisk skiteknikk, langrenn
- lære ferdigheiter knytt til friteknikk, langrenn

Skiaktivitet i bakke

- grunnleggande svingteknikk
- grunnleggande hoppeteknikk
- tileigne seg god balanse og generell skiferdigheit i nedoverbakke

Å klare seg ute vinterstid

- lære å tenne, bevare og kose seg rundt eit bål vinterstid
- lære påkledning vinterstid (kulde, sveitte etc.)

Erfaringar

Vinteren 2016 er sjuande sesongen prosjektet Ski i Skulen vart gjennomført i Sogn og Fjordane. Tilbakemeldingane frå skulane, idrettslaga og ikkje minst elevar og foreldre/ føresette er gode.

Noko av det ein opplever som svært positivt med Ski i Skulen er at ein ser mange elevar igjen i skiløypene på kveldstid og helgar, gjerne i lag med foreldre/føresette og ikkje minst søsken.

Når ein snakkar med desse viser dei til prosjektet Ski i Skulen som ein direkte konsekvens m.o.t. at dei blir meir aktive vinterstid. Mange foreldre viser til at no er det borna som får dei ut på ski – ikkje omvendt slik det ofte brukar å vere.

Såleis er dette eit godt tiltak innanfor førebyggjande folkehelsearbeid, og ein er spesielt godt nøgde med ringverknadane tiltaket har når ein gjennom prosjektet klarar å skape meir aktivitet i mange familiar vinterstid – ikkje berre hjå den enkelte elev.

Skikrinsen ser vidare på prosjektet som ein viktig del av det pågåande folkehelsearbeidet i fylket knytt opp mot ny folkehelselov og gjeldande regional politikk.

Skikrinsen ser det som spesielt viktig at eit slikt prosjekt vert gjennomført i skuleverket, som gjev tilbodet til alle elevane uavhengig av foreldra sin sosioøkonomiske status. Prosjektet kan difor bidra til å jamne ut sosiale skilnader innan helse.

Ski i Skulen 2017 – vegen vidare

Ei vidareføring av prosjektet Ski i Skulen vinteren 2017 er avhengig av at samarbeidet med Sogn og Fjordane fylkeskommune held fram. Gjeldande utviklingsavtale går ut i 2016, og avtalen må difor reforhandlast inneverande haust.

Utviklingsavtalen mellom Sogn og Fjordane Skikrins og Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt ei ramme på kr. 100 000,- pr. år.

Vidare søker skikrinsen Sparebankstiftinga om kr. 100 000,- i støtte til vidareføring av prosjektet i 2017. Søknadsfristen til Sparebankstiftinga er 01. september 2016.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at prosjektet skal vidareførast i 2017. Føresetnaden er at grunnfinansieringa av prosjektet er på plass innan 15. november 2016.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 74 15-17

Skipolitisk dokument 2016-2020 - Skiforbundet sin Utviklingsmodell (SUM)

Bakgrunn

I samband med Ski-tinget i Trondheim 28.-29. mai la skiforbundet til grunn ein ny utviklingsmodell ved inngangen til planperioden 2016-2020.

Utviklingsmodellen dannar grunnlag for alle hovudmål og delmål i planperioden, og den dekker alle innsatsområde.

Utøvaren i sentrum

Utvikling av skiutøvaren skal gjerast i eit langsiktig utviklingsperspektiv.

Difor er det utøvaren som er i sentrum for ski-idretten sine målsetjingar, gitt i Skipolitisk dokument for perioden 2016-2020.

For at ein utøvar skal kunne utvikle seg er det behov for trenarar, arrangement, og anlegg som er lagt til rette på ein slik måte at utvikling skjer gjennom eit langt idrettsliv. Til saman utgjer elementa nærast utøvaren kjerneverksemda for all verksemd, frå skiklubb/ skigruppe, via skikrets og til skiforbundet.

Flest mogleg, lengst mogleg, best mogleg


Menneska utviklar seg i ulik takt, uavhengig av alder og dugleiksnivå.

Ski-idretten sine framtidige mål er difor lagt til rette for idrettsleg utvikling, basert på utviklingsalder framfor kronologisk alder. Med rett utvikling, til riktig tid, vil resultata komme. Samstundes vil ski-idretten vere eit viktig bidrag i eit folkehelseperspektiv.

Klubbane i Norges Skiforbund har gjennom klubbundersøkinga gjennomført hausten 2015 gitt eit godt bilete av ski-idretten sine utfordringar, og har gitt Skiforbundet ein retning for kva som er viktig for aktiviteten framover.


Å behalde skiutøvaren gjennom heile barne- og ungdomsperioden er ei uttalt målsetjing. Dette må gjerast gjennom tilrettelegging av aktiviteten, også på ein måte som ikkje skal vere økonomisk belastande.

Gjennom ein utviklingsbasert modell, skiforbundet sin utviklingsmodell, skal det utviklast nye aktivitetstilbod som ivaretek medlemmane si moglegheit til å drive breidde- og toppidrett, på tvers av greiner og andre idrettar.



Øvrige rammevilkår for ski-idretten si verksemd er utdanning og utvikling, informasjon og kommunikasjon, økonomiske rammevilkår, internasjonalt arbeid og samhandling på tvers i organisasjonen og mellom organisasjonar. Saman med kjerneverksemda utgjer dette innsatsområda for ski-idretten dei kommande fire åra.

Utviklingsmodellen



Skiforbundet sin utviklingsmodell (SUM) skal vere ski-idretten sin raude tråd i denne planperioden. Den gjev føringar for korleis framtidens organisasjon, utøvarar, trenarar, leiarar, anlegg og arrangement skal vere. Målet er at ski-idretten skal legge til rette for flest mogleg, lengst mogleg og best mogleg. I dette ligg aktivitet både for funksjonsfriske, funksjonshemma, for integrering av medlemmer som ikkje har eit tradisjonelt forhold til snø og ski, og integrering av medlemmer frå alle samfunnslag. Ski-idretten skal vere inkluderande med omsyn til nivå, alder, kjønn, sosial- og kulturell bakgrunn, funksjonsevne, seksuell orientering og økonomisk evne.

Ulike nivå i modellen

Aktiv start

- første møte med organisert idrett
- grunnleggande rørsler med og utan ski
- situasjon- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon
- skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
- karusellrenn kan vere rekruttering til aktivitet
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

FUNDament

- mykje variert og allsidig fysisk aktivitet
- innlæring av grunnleggande rørsler med og utan ski
- situasjon- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon
- skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
- deltaking i karusellrenn som motivasjon
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

Lær å trene

- trening på grunnleggande ferdigheiter med og utan ski
- mykje variert aktivitet, gjerne i fleire idrettar
- trening med fokus på meistring og utvikling
- større fokus på trening framfor deltaking i konkurransar
- trening på sosiale ferdigheiter gjennom deltaking i idretten
- klubbtrening, og trening i samarbeid med andre særiddrettar eller andre skiklubbar
- klubb-, sone-, og krinsrenn
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

Trene for å trene

- meir fokus på greinspesifikk trening, med variert aktivitet og gjerne gjennom fleire idrettar
- bygge treningskultur, sosiale miljø, og i tillegg drive aktivitet for dei som berre ynskjer å trene
- individuell treningsoppfølging i høve til utviklingsalder
- fortsatt mest vekt på trening vs. konkurranse, men auke av tal konkurransar
- trenarar på høgt nivå

Trene for å konkurrere

- heilskapleg utvikling av toppidrettsutøveren
- fokus på læring og utvikling gjennom konkurransar
- mykje spesialisert trening
- FIS-renn, NM, jr. VM, U23, YOG, EYOF
- homologerte konkurranseanlegg
- trenarar på høgt nivå

Trene for å vinne

- utøvarar på høgt sportleg nivå
- utviklingsorienterte utøvarar
- OL, VM og verdenscup
- nasjonalanlegg og homologerte konkurranseanlegg
- trenarar på høgt nivå

Konkurrere på ski livet ut

- ungdom som ikkje ynskjer å konkurrere på høgt nivå skal få eit konkurransetilbod
- aktivitet gjennom trening i skigruppa/ skiklubben
- konkurransetilbod gjennom turrenn, master og fjelltelemarkrenn

Aktiv livet ut

- aktivitet gjennom breidde- og mosjonsidrett i skigruppa/ skiklubben
- fokus på trening i eit helseperspektiv
- utvikling av nye ferdigheiter gjennom deltaking på teknikkurs i regi av skigruppa/ skiklubben

Norges Skiforbund sin hovudmål for perioden

Her følgjer eit utdrag av skiforbundet sin hovudmål for kommande periode. Dei samla hovudmåla er gitt av mål for kjerneverksemda og rammevilkåra.

Utøvar

- Det skal implementerast ein ny utviklingsmodell. Skiforbundet sin Utviklingsmodell – SUM.
- Skiforbundet sin medlemsmasse skal auke gjennom auka rekruttering og tiltak for å beholde fleire i ski-idretten.

Anlegg

- Skiforbundet, skikretsane og skiklubbane skal legge til rette for heilårsanlegg der folk bur, som skapar variert aktivitet på ulike underlag.
- Skikretsane skal til ein kvar tid ha ein gjeldande anleggsplan som skal vere førande for størrelse, plassering og prioritering av skianlegg.
- Skiforbundet sine greiner skal ha kvalifiserte anleggsrådgjevarar.

Arrangement

- Ski-idretten sine konkurranseformer skal bidra til å sikre rekruttering og hindre fråfall.
- Ski-idretten sitt konkurranseprogram skal ha fokus på meistring i overgangen mellom barne- og ungdomsskule.

Trenar

- Ski-idretten sine trenarar skal kjenne til og ta i bruk skiforbundet sin utviklingsmodell.
- Ski-idretten sine trenarar skal legge til rette aktivitet for alle utøvarar, uavhengig av funksjonsnivå, både dei utøvarane som ynskjer å konkurrere, og utøvarar som ynskjer å vere i aktivitet.

Opplæring og utdanning

- Skiforbundet skal utvikle og implementere eitt fullstendig kurstilbod for aktivitetsleiarar, trenarar og instruktørar basert på SUM
- Skiforbundet skal utvikle ein heilheitleg struktur for kompetanseheving for leiarar, arrangørar og anleggsutviklarar.

Kommunikasjonsarbeidet

- Skiforbundet sin merkevare og omdømme skal styrkast gjennom at all kommunikasjon skal føregå opent og ærleg, og vere prega av tillit og sunne verdiar.

Økonomiske rammevilkå

- Skiforbundet skal ha dei beste rammevilkåra for dei beste utøvarane.
- Skiforbundet skal ha eit forsvarleg positivt resultat i planperioden, slik at eigenkapitalen vert oppretthaldt.

Samhandling

- Ski-idretten sine rettigheter skal ivaretakast og forvaltast gjennom handheving av skiforbundet si lov, reglement og avtalar.
- Ski-idretten sine rammevilkår skal sikrast gjennom politisk arbeid.

Les meir om skiforbundet sine hovudmål i planperioden i vedlagde Skipolitiske Dokument 2016-2020.

I utforming av Skipolitisk Dokument 2016-2016 har ein vidare definert skikrinsane sin hovudmål innanfor kjerneverksemda og rammevilkåra i høve til SUM-modellen.

I det følgjande blir desse beskrive:

UTØVAR – HOVUDMÅL – SKIKRINSEN

a) Aktiv start – skikrinsen

Skikrinsen skal implentere SUM i klubbar i eigen krets, slik at borna sitt første møte med ski-idretten vert prega av leik og glede, uavhengig av utviklingsnivå og alder.

FUNDament – skikrinsen

a) Sjå «Aktiv start».

Lær å trene – skikrinsen

a) Sjå «Aktiv start».

Trene for å trene – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal implementere SUM slik at utøvarane skal få variert bevegeleserfaring gjennom tilrettelegging av allsidig aktivitet tilpassa utviklingsnivå.

Trene for å konkurrere – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal oppmode til tilrettelegging av treningstilbod på tvers av greiner og klubbar.
- b) Skikrinsen skal skape utviklingsmiljø på tvers mellom klubbar i krinsen, og klubbar på tvers av klubbgrensene.

Trene for å vinne – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal stimulere miljø og kraftsenter som skal rekruttere dei neste landslags- og representasjonsutøvarane.

Aktiv livet ut – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal bidra til skiforbundet sine aktivitetskonsept implementerast gjennom sonemøter, klubbesek og egne kretstiltak.

ANLEGG – HOVUDMÅL – SKIKRINSEN

Aktiv start – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal gjennom utvikling av anleggsplan stimulere til utvikling av nærmiljøanlegg som kan nyttast heile året.
- b) Skikrinsen skal stimulere til etablering av snøsoner i nærmiljøa gjennom klubbesek, sonemøter og anleggsseminar.

FUNDament – skikrinsen

- a) Sjå «Aktiv start».

Lær å trene – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal definere det til ein kvar tid gjeldande anleggsbehov som skal framgå i skikrinsen sin anleggsplan for perioden.
- b) Skikrinsen skal bistå klubben med etablering av hensiktsmessige anlegg ut frå ei klassifisering av anleggstypar gjennom anleggsplanen.
- c) Skikrinsen skal stimulere til å bygge anlegg med snøproduksjon.

Trene for å trene – skikrinsen

- a) Skikrinsen sin anleggsplan skal definere langsiktige anleggsbehov, og definere prioriterte område for konkurranseanlegg og antal anlegg i ulike anleggs kategoriar.
- b) Skikrinsen skal bistå skigruppa/ skiklubben med å finne fram til riktig rådgjeving i ulike delar av anleggsfasen.

Trene for å konkurrere – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal støtte klubbar som påtar seg ansvar for store anlegg gjennom informasjon, rettleiing, og kompetanseformidling om finansiering og utbygging.
- b) Skikrinsane skal samordne sine anleggsplanar for å sikre god og berekraftig områdefordeling av snøsikre anlegg for store konkurransar og meisterskap.

Aktiv livet ut – skikrinsen

- a) Skikrinsane skal samarbeide med skiforbundet for å sikre arealtilgang for skianlegg og turløyper.
- b) Skikrinsen skal bidra til implementering av adferdsreglar for randonè i alpinanlegg.

ARRANGEMENT – HOVUDMÅL – SKIKRINSEN

Aktiv start – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal implementere nye arrangementkonsept gjennom sonemøter, klubbesek og arrangørseminar.
- b) Skikrinsen si terminliste sakl gje opning for konkurransefrie helgar, og lokale arrangement på vekedagar.
- c) Skikrinsen skal kvalitetssikre at arrangement i eigen krins vert gjennomført i høve til NSF og NIF sine bestemmelsar.

FUNDament – skikrinsen

- a) Sjå «Aktiv start».

Lær å trene – skikrinsen

- b) Sjå «Aktiv start».

Trene for å trene – skikrinsen

- a) Skikrinsen si terminliste skal gje opning for konkurransefrie helgar i aldersbestemte klassar.
- b) Skikrinsen skal rettleie arrangørane slik at klubbane er i stand til å gjennomføre arrangement med fokus på effektivitet og høg aktivitet.
- c) Skikrinsen skal utvikle ein rettleiar for gjennomføring av KM.

Trene for å konkurrere – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal gje tilbud om lokale arrangørseminar til sine arrangørar.

Trene for å vinne – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal støtte arbeidet med å rekruttere og behalde fleire frivillige gjennom årlege kompetansetiltak for skiklubbane sin arrangørstab.
- b) Skikrinsen skal bistå arrangørar med kompetanse etter behov.

- c) Skikrinsen bør vere ein samarbeidspartnar ved gjennomføring av renn av internasjonal karakter.

Aktiv livet ut – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal legge til rette tilbod om arrangement for medlemmer som ynskjer å delta, men ikkje nødvendigvis konkurrere.

TRENAR– HOVUDMÅL – SKIKRINSEN

Aktiv start – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal vere pådrivar for å gjennomføre trenarutdanning for klubbtrenarar og implementere trenarløypa i all trenarutdanning.
- b) Skikrinsen skal samarbeide med skiklubbane om å rekruttere fleire kvinnelege trenarar.
- c) Skikrinsen skal samarbeide med skiklubbane om å rekruttere fleire unge trenarar.

FUNDament – skikrinsen

- a) Sjå «Aktiv start».

Lær å trene – skikrinsen

- a) Sjå «Aktiv start».

Trene for å trene – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal bidra til trenarsamarbeid på tvers av skiklubbar og greiner.
- b) Skikrinsen skal vere pådrivar for å gjennomføre trenarutdanning gjennom trenarløypa.
- c) Skikrinsen skal samarbeide med skiklubbane for å rekruttere fleire kvinnelege trenarar.
- d) Skikrinsen skal samarbeide med skiklubbane om å rekruttere fleire unge trenarar.

Trene for å konkurrere – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal bidra til trenarutvikling for skiklubbane gjennom aktiv utdanningsutvikling.
- b) Skikrinsen skal bidra til å auke andelen kvinnelege trenarar.

Aktiv livet ut – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal bidra til trenarutvikling for alle skitrenarar.

OPPLÆRING OG UTDANNING – HOVUDMÅL – SKIKRINSEN

Utøvar – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal drive haldningsskapande arbeid, og bidra til at krinslagsløparar og teamutøvarar blir sjølvstendige utviklingsorienterte utøvarar gjennom kompetansetiltak innan kosthald, ernæring, treningslære, antidopingreglar, fair play og andre relevante kurs i idretten.

Anlegg, eigarar og driftspersonell – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal tilby kompetanseutvikling gjennom anleggs- og arrangørseminar.

Arrangørar – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal tilby kompetanseutvikling gjennom anleggs- og arrangørseminar, og øvrige kurs for arrangørar, TD`ar og dommarar.

Klubb – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal kartlegge skiklubbane sine behov, og på bakgrunn av det tilby utviklingskurs for klubb utvikling, klubbleiarar og unge leiarar til skiklubbane.

Trenarar – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal tilby allidrettskurs, aktivitetsleiarkurs, trenarkurs 1 og 2, og andre instruktørkurs.

Barnehagar og skular – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal bidra til auka kompetanse hjå barnehagetilsette, lærarar og SFOtilsette gjennom praktisk rettleiing.

KOMMUNIKASJONSARBEID – HOVUDMÅL – SKIKRINSEN

Klubb- og medlemskontakt, intern kommunikasjon – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal bidra til aktiv medlemskontakt gjennom digitale kanalar.
- a) Skikrinsen skal syte for klubb- og medlemskontakt gjennom haust- og vårmøter.

Ekstern kommunikasjon og samfunnskontakt - skikrinsen

- a) Skikrinsen skal vere ein tydelig aktør i gjennom å delta i debatt om barne- og ungdomsidretten, anleggsutvikling, folkehelse og integrering.

Breidde- og toppidrett – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal vere proaktive i informasjon og kommunikasjon til regionale sportsjournalistar.
- b) Skikrinsen skal vere ein tydelig aktør i regionalt mediebilde gjennom distribusjon av eigenprodusert innhald.
- c) Skikrinsen skal ha størst merksemd i medieplanet regionalt i vinterhalvåret, og også ha god synlegheit i sommarhalvåret.

Merkevare og omdømme – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal vere ein godt synleg idrettsaktør i fylket.
- b) Skikrinsen sitt kommunikasjonsarbeid skal bidra til å sikre skikrinsen sitt kommersielle potensiale.

Krisehåndtering – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal innføre rutinar for mediehandtering i ein krisesituasjon.

ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR – HOVUDMÅL – SKIKRINSEN

Kostnadsreducerande tiltak – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal arbeide aktivt for å redusere kostnadsnivået i ski-idretten gjennom haldningsskapande arbeid i skiklubbane.
- b) Skikrinsen skal arbeide for å finne rimelege løysningar knytta til reise og opphald i samband med renn og meisterskap.

Merkevaren – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal arbeide med utvikling av eigen merkevare i høve til skiforbundet sin merkevarestrategi.

Offentlege midlar – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal sikre dei økonomiske rammevilkåra for skiklubbane og skianlegga gjennom politisk påvirkningsarbeid ovanfor fylkeskommunen.
- b) Skikrinsen skal bidra til og vere pådrivar for at skiklubbane sitt behov sikrast ved tildeling av midlar gjennom idrettsråda.

Arrangement – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal bidra til at skiklubbane sine rammevilkår sikrast gjennom tilrettelegging av arrangørmateriell og andre kostnadssparande konsept.

Media – og markedsinntekter - skikrinsen

- a) Skikrinsen bør sikre markedsinntekter gjennom å arbeide med regionale samarbeidspartar.

Aktivitetsbaserte inntekter – skikrinsen

- a) Skikrinsen bør drive med inntektsbringande arbeid gjennom ulike typar aktivitetar innanfor ski-idretten si kjerneverksemd.

SAMHANDLING – HOVUDMÅL – SKIKRINSEN

Antidopingarbeid – skikrinsen

- a) Handlingsplan for ski-idretten sitt antidopingarbeid skal ein kvar tid danne grunnlag for skikrinsen sitt arbeid for rein idrett.

Frivillige - skikrinsen

- a) Skikrinsen skal legge til rette for kontinuitet i rekrutteringa av frivillige gjennom planmessig opplæring av nye frivillige til alle funksjonar.

Tillitsvalte – skikrinsen

- a) Skikrinsen sin organisasjonsutvikling skal skje gjennom organisasjonsopplæring av tillitsvalte.
- b) Gjennomsnittleg andel kvinner i styre, komitèar og utval skal vere i høve til idretten sitt lovverk.
- c) Skikrinsen sitt styre og komitèar skal ha representantar under 28 år.

Tilsette – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal implementere beredskapsplanar og trene på desse.
- b) Utvikling av ski-idretten skal optimaliserast gjennom tilrettelegging for administrativt samarbeid på tvers av skikrinsane.

Interne- og eksterne organisasjonar – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal ha eit aktivt eigarskap til team der krinsen har ei naturleg rolle.
- b) Skikrinsen skal drive utvikling gjennom å samarbeide med eksterne organisasjonar og aktørar.

Offentlege instansar – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal samarbeide med nærliggande skigymnas og høgskular knytt til kurs-, kompetanse- og aktivitetsutvikling.
- b) Skikrinsen skal arbeide for å tilby skiaktivitet som ein del av idrettsaktiviteten i skuletida i eit samarbeid mellom klubb, skule og SFO/ AKS.

Politisk samhandling – skikrinsen

- a) Skikrinsen skal drive politisk påverknad ovanfor fylkeskommune, kommunar og idrettskrins.
- b) Skikrinsen skal samarbeid med andre organisasjonar for å nå politiske mål.
- c) Frivilligheita sine rammevilkår skal sikrast gjennom politisk arbeid for å sikre ski-klubbane sin økonomi.

I det vidare arbeidet med knytt til implementering av Skipolitisk Dokument 2016-2020 legg ein til rette for gjennomføring av ein prosess i kretsstyret, der ein kartlegge status i Sogn og Fjordane Skikrins innanfor følgjande område:

- 1) Ski-idretten si kjerneverksemd:
 - a. Tilbod til utøvarane
 - b. Anlegg
 - c. Arrangement
 - d. Trenar/ leiar

Dette arbeidet dannar grunnlaget for det vidare arbeidet med Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan for planperioden 2017-2021, samt årlege handlingsplanar for styret og komitéane.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek drøftingane og prosessen til orientering. Ein gjer vidare vedtak om at kartlegging av status innanfor innsatsområda knytt til ski-idretten si kjerneverksemd, skal danne delar av grunnlaget for det vidare arbeidet med Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan 2017-2021, samt dei årlege handlingsplanane for styret og komitéane.

Proessen med implementering og utarbeiding av ny Strategiplan skal fortsette i samband med neste møte i Skikrinsstyret. Tema på dette møtet skal vere knytt til kartlegging av status innanfor innsatsområda knytt til ski idretten sine rammevilkår.

Sogn og Fjordane Skikrins sin status (gruppearbeid) i innsatsområda knytt til ski-idretten si kjerneverksemd er vedlagt.

SAK 75 15-17

Organisering av Norges Skiforbund mellom forbund og krets Bakgrunn

I samband med Ski-tinget i Trondheim 28.-29. mai 2016 vart det fatta følgjande vedtak i:

Sak 12.1.1

Organisering av Norges Skiforbund mellom forbund og krets

Norges Skiforbund v/Skistyret nedsetter et bredt sammensatt utvalg på 6 personer, for å vurdere hvordan vi kan opprette en struktur som styrker organiseringen av leddet mellom forbund og klubb, dagens skikretser, for å sikre den beste utnyttelsen av dagens og fremtidens ressurser.

Utvalget skal være sammensatt med 1 representant fra skistyret, 2 representanter fra skikretsene, 2 representanter fra fellesadministrasjonen og en eksternt valgt representant. Utvalget skal avgj sin innstilling til skistyret innen vårmøtet 2017.

VEDTAK

Saka vert utsett til neste møte i Skikrinsstyret.

EVENTUELT

SAK 76 15-17

Yrkesfagleg studieretning – kombinert med toppidrettssatsing Bakgrunn

Nasjonalt er det pr. i dag ikkje moglegheiter for å kombinere toppidrettssatsing i alderen 16-19 år med yrkesfagleg studieretning.

Leiar i alpinkomiteen fremmar difor forslag om at det skal setjast i verk ein prosess i høve Norges Skiforbund, der ein m.a. ser nærare på aktuelle modellar som kan gjere dette mogleg.



VEDTAK

I høve saka gjer Skikrinsstyret vedtak om at det i første omgang skal utarbeidast ei fråsegn til Norges Skiforbund, der ein m.a. skisserar aktuell problemstilling, samt behovet for kombinasjon av yrkesfagleg studieretning med satsing på toppidrett.

Neste møte i Skikrinsstyret; tysdag 21. september 2016, Thon Jølster Hotell (Skei).

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 60 15-17	Godkjenning av protokoll nr. 04 15-17 frå møte i Skikrinsstyret
-----------------------------	--

Skikrinsstyret@
Øvrige tillitsvalde@

Sakshand.: YT/IF

Dato: 21.04.2016

Arkivk.: styret/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 04 I SKIKRINSSTYRET, 2015-2017
--

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell

Tidspunkt: Onsdag 20. april 2016, kl. 17.00-21.00

Andre opplysningar: Fellesmøte med Skikrinsstyret og greinkomiteane frå kl. 17.00-18.00.

Rammeprogram:

Kl. 17.00-18.00:	Fellessmøte med styret og øvrige tillitsvalde
Kl. 18.00-21.00:	Møte i SFSK sitt arbeidsutval
Kl. 18.00-21.00:	Møte i SFSK alpinksjetteen
Kl. 18.00-21.00:	Møte i SFSK hopp- og kombinertkomiteen
Kl. 18.00-21.00:	Møte i SFSK langrennskomiteen

(NB! Møtet i langrennskomiteen er utsett til 04. mai 2016).

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 52 15-17 Godkjenning av innkalling og sakliste

SAK 53 15-17 Godkjenning av protokoll nr. 03 15-17 frå møte i Skikrinsstyret

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 54 15-17 Handlingsplanarbeid i Sogn og Fjordane Skikrins

SAK 55 15-17 Trenarressursar i Sogn og Fjordane Skikrins

RAPPORTERING

SAK 56 15-17 Rekneskap 2015

SAK 57 15-17 Rekneskap pr. 13.04.2016

ORIENTERINGSSAKER

SAK 58 15-17 Vårmøtet 2016

EVENTUELT

- TIL STADES:** Inge Fænn (AU), Finn Årdal (AU), Hallvard Nygård (AU), Atle Hamar (AK), Gunnar Fannemel (HKK), Oddmund Lefdal (LK), Per Lambrecths (AK), Per Asbjørn Felde (AK), Jan Inge Årdal (HKK), Lars Kveen (HKK), Lars Brekke (HKK), Even Hole (krinstrenar alpint) og Yngve Thorsen (adm.).
- FORFALL:** Arthur Hegrenes og Reidun Hegrenes.
- MERKNADER:** Av ymse årsaker måtte langrennskomiteen utsette sitt planlagde møte. Oddmund Lefdal (nestleiar LK) representerte langrennskomiteen på fellesmøtet. Det vert kalla inn til nytt møte i langrennskomiteen 04. mai 2016.
- REFERENT:** Yngve Thorsen
-

REFERATSAKER

SAK 52 15-17

Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 53 15-17

Godkjenning av protokoll nr. 03 15-17 frå møte i Skikrinsstyret Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 03 15-17 er sendt ut på førehand.
Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 03 15-17.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 54 15-17

Handlingsplanarbeid i Sogn og Fjordane Skikrins Bakgrunn

Viser til vedtak i Sak 49 15-17:

Skikrinsstyret gjer vedtak om å legge til rette for eit felles styre- og komitè møte våren 2016. Tema for møte skal m.a. vere prosess knytt til arbeidsdeling i Skikrinsstyret og komitèane.

Styreleiar følgjer opp saka saman med adm.

I samband med oppfølging av dette vedtaket legg ein opp til ein prosess knytt til definering av ansvarsområde på overordna- og tiltaksnivå i respektive komitèar, samt i Skikrinsstyret.

Sogn og Fjordane Skikrins sin Handlingsplan 2015-2016 er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at AU og greinkomitéane definerar ansvarsområde på overordna- og tiltaksnivå i gjeldande handlingsplan. Tiltaket skal følgjast opp ifbm. neste møte i respektiv komité.

SAK 55 15-17

Trenarressursar i Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

Viser til utgreiing og vedtak i Sak 34 15-17 og Sak 48 15-17.

I samband med handsaminga av handlingsplanen drøfta Skikrinsstyret moglegheitene for evt. å tilsette fleire trenarressursar i skikrinsen. Dette med bakgrunn i dei gode erfaringane frå tilsetjinga av Even Hole som krinstrenar i alpint.

I første omgang er denne drøftinga spesielt retta mot trenararbeidet i langrenn på krins- og klubbnivå.

Tiltaket kjem m.a. som ein følgje av dei positive erfaringane knytt til tilsetting av trenarressurs i alpinksomiteen.

Inge Fænn innleia på saka saman med krinstrenar i alpint Even Hole.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og oppmodar spesielt langrennskomiteen å arbeide vidare med ein modell knytt til tilsetting av trenar for krinslaga i langrenn.

Vidare oppmodar Skikrinsstyret langrennskomiteen å vurdere dagens krinslagsmodell, opp i mot andre aktuelle modellar.

Aktuelle problemstillingar til vidare drøfting kan vere;

- uttak til krinslaget i langrenn
- opne samlingar i tillegg til evt. uttak

Skikrinsstyret presiserar at det er langrennskomiteen sjølv som gjer endeleg vedtak i høve til vidare prosess.

RAPPORTERING

SAK 56 15-17

Rekneskap 2015

Bakgrunn

Rekneskapen for 2015 er sendt ut tidlegare. Adm. presenterte rekneskapen.

Nøkkeltal:

Avsetning 2015-2016

Alpinksomiteen

kr. 75 000,-

Driftsinntekter samla	kr.	3 674 195,-
Driftskostnader samla	kr.	3 608 389,-
Resultat samla for skikrinsen:	kr.	65 805,-
Total EK pr. 31.12.2015:	kr.	1 074 774,-
- AU EK pr. 31.12.2015:	kr.	619 643,-
- Langrennskomiteen EK pr. 31.12.2015:	kr.	211 770,-
- Alpinkomiteen EK pr. 31.12.2015:	kr.	155 263,-
- Hopp- og komb. komiteen EK pr. 31.12.2015:	kr.	88 094,-

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner rekneskapen for 2015, med ei avsetning i alpinkomiteen på kr. 75 000,- frå 2015 til 2016.

I tråd med administrasjonen si anbefaling gjer Skikrinsstyret vidare vedtak om at skikrinsen sitt samla overskot på kr. 65 805,- i 2015 vert lagt til skikrinsen sin totale eigenkapital. Og at økonomisk underskot/ overskot i AU og greinkomiteane pr. 31.12.2015 vert trekt i frå evt. lagt til i høve til spesifisert eigenkapital i balanserekneskapen:

- Alpinkomiteen;	kr. 60 474,- (overskot pr. 31.12.2015)
- Hopp- og komb. komiteen:	kr. 20 488,- (overskot pr. 31.12.2015)
- Langrennskomiteen:	kr. 74 742,- (overskot pr. 31.12.2015)
- AU:	kr - 89 900,- (underskot pr. 31.12.2015)

SAK 57 15-17

Rekneskap pr. 13.04.2016

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 13.04.2016 er vedlagt.
Adm. la presenterte rapporten.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 58 15-17

Vårmøtet 2016

Bakgrunn

Skikrinsstyret har tidlegare fastsett at Vårmøtet skal avviklast på Skei v/ Thon Jølster Hotell, torsdag 09. juni 2016. Ein har også gjort vedtak om at ein skal legge til rette for ein regional anleggskonferanse våren 2016.

I samråd med styreleiar og leiar i anleggskomiteen legg ein no til rette for at Vårmøtet og anleggskonferansen skal avviklast etter kvarandre v/ Thon Jølster Hotell torsdag 09. juni 2016.

Vidare har ein innleia eit samarbeid med Sogn og Fjordane Fylkeskommune vedr. avvikling av anleggskonferansen.

Førebelse tema m/ foredragshaldarar for anleggskonferansen er:

- Opning av anleggskonferansen
v/ Jan Heggheim (S. og Fj. Fylkeskommune)
- «Snow for the future»
v/ Marit Gjerland (NSF)
- Felles heiskortsystem for alpinanlegga i Sogn og Fjordane
v/ (manglar foredragshaldar p.t.)
- Drift og utvikling av snøproduksjonsanlegg
v/Mats Mørch (Tryvann Skisenter/ Alpinanleggenes Landsforening)
- Generell løypepreparering/ kravspesifikasjon til drift av skianlegg
v/ Per Nymoene (NSF) og Johannes Haukåsveen (Ringsaker Almanning)
- Universell tilrettelegging av skianlegg frå eit brukarperspektiv
v/ Asle Sande (Sogn og Fjordane Skikrins/ NAV Hjelpemiddelsentralen)
- Utvikling og opparbeiding av anlegg for langrennscross/ skileik
v/ Erik Aas Andersen (NSF)
- Salting av skiløyper
v/ Anders Fortun (Sognefjellet Sommarskisenter)
- Utvikling av rulleskiløyper
v/ Yngve Thorsen
- Info. om statlege tilskotsordningar;
 - o spelemiddelordninga v/ Atle Skrede (S. og Fj. Fylkeskommune)
 - o spelemidlar til utstyr v/ Marit Gjerland (NSF)
 - o programsatsingsmidlar v/ Marit Gjerland (NSF)
- Rekruteringsanlegg/ plastlegging av hoppbakkar
v/(manglar foredragshaldar p.t.)
- Skilting og parkeringsproblemataikk i skianlegg
v/ Jo Tore Kristoffersen (S. og Fj. Fylkeskommune)

I samband med Vår møtet har ein forøvrig engasjert Kristin Roset som foredragshaldar på fellesdelen. Tema for Roset sitt innlegg er knytt til *Sunn Idrett*.

Førebelse rammer for Vår møtet/ Anleggskonferansen 2016:

Torsdag 09. juni 2016

- Kl. 13.00 – 17.00 Anleggskonferanse
- Kl. 18.00 – 21.00 Vår møtet 2016
 - o Kl. 18.00 – 19.00 Fellesdel, *Sunn Idrett* v/ Kristin Roset
 - o Kl. 19.00 – 21.00 Vår møtet Alpint
 - o Kl. 19.00 – 21.00 Vår møtet Hopp- og kombinert



○ Kl. 19.00 – 21.00

Vår møtet Langrenn

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 61 15-17	SFSK AK protokoll nr. 04 15-17
-----------------------------	---------------------------------------

Alpinkomiteen@

Sakshand.: AH/ YT

Dato: 23.04.2016

Arkivk.: ak/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 04 I ALPINKOMITEEN, 2015-2017

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Torsdag 20. april, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 39 15-17 Godkjenning av innkalling sakliste
SAK 40 15-17 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 03 15-17 i AK
SAK 41 15-17 Protokoll frå møte nr. 02 15-17 i Skikrinsstyret
SAK 42 15-17 Protokoll frå møte nr. 03 15-17 i Skikrinsstyret

RAPPORTERING

SAK 43 15-17 Rekneskapsrapport pr. 13.04.2016

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 44 15-17 Generell evaluering av sesongen 2015-2016
SAK 45 15-17 Evaluering av fellesopplegg – Telenorleikane 2016
SAK 46 15-17 Evaluering av fellesopplegg – Hovudlandsrennet 2016
SAK 47 15-17 Evaluering av sonetreningar, vinteren 2016
SAK 48 15-17 Fjord1 samlingar 2016-2017
SAK 49 15-17 Handlingsplan 2015-2016
SAK 50 15-17 Terminliste 2016-2017
SAK 51 15-17 Vårmøtet, 09. juni 2016

ORIENTERINGSSAKER

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)
Leiar AK

Per Asbjørn Felde (s)
Referent

TIL STADES: Atle Hamar, Per Lambrecths og Per Asbjørn Felde.

FORFALL: Rune Espe og Hege Venes.

MERKNADER: Yngve Thorsen (adm. deltok i delar av møtet).

REFERENT: Per Asbjørn Felde

REFERATSAKER

SAK 39 15-17

Godkjenning av innkalling sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 40 15-17

Godkjenning av protokoll frå møte nr. 03 15-17 i AK

Bakgrunn

Protokoll nr. 03 15-17 frå møte i alpinkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner protokoll nr. 03 15-17.

SAK 41 15-17

Protokoll frå møte nr. 02 15-17 i Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 02 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

SAK 42 15-17

Protokoll frå møte nr. 03 15-17 i Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 03 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING

SAK 43 15-17

Rekneskapsrapport pr. 13.04.2016

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 13.04.2016 er vedlagt.

Rapporten vart lagt fram av adm. i samband med utvida møte i Skikrinsstyret.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 44 15-17

Generell evaluering av sesongen 2015-2016

Bakgrunn

Komiteen evaluerte sesongen på følgjande område:

- Arrangement/ terminliste:
AK er nøgd med at alle arrangement og renn vart avvikla. Ein del renn vart tidleg i sesongen flytta, men tal terminfesta renn vart avvikla. Unntaket er dag 2 og 3 av meisterskapsamlinga i Førde.
- Fjord1 samlingar 2016:
 - o Kvitfjell, januar. God samling. Gode forhold.
 - o Jølster/ Førde, februar. Meisterskapsamling U-14/ U-16. Denne hadde ein god super-g trening fredag på Jølster. Laurdag måtte ein avbryte storslalom trening i Førde grunna mykje snø, og slalom søndag vart avlyst av same årsak.
- Renndeltaking på krinsrenn:
AK er uroa over at tal deltakarar på krinsrenn i snitt er på veg nedover. Sein oppstart i mange anlegg kan vere ei medvirkande årsak, men alle klubbar må gjere ein innsats på «grasrotnivå» for å få med å få med fleire under 10 år på trening.
- Sportslege resultat:
Gjennom sesongen har ein del utøvarar hevda seg særdeles godt på nasjonale renn, særleg på FIS-nivå. U14 og U16 presterar jevnt over godt, med nokre topp-plasseringar. U12 og yngre har ein særleg på slutten av sesongen mange svært gode resultat. Dette viser at vi gjer mykje riktig i krinsen.
- Rekruttering:
Her har vi eit viktig arbeid framfor oss. Nokre klubbar greier å rekruttere nye, men særleg i Nordfjord slit ein med rekrutteringa. Alle klubbar må arbeide aktivt for å få med fleire inn i løypene. Men det er minst like viktig å få med dei nye foreldrene inn i miljøet. Prøve å få nye utøvarar med på eit og anna renn ved å lage ei sosial ramme rundt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2016-2017.

SAK 45 15-17

Evaluering av fellesopplegg – Telenorleikane 2016

Bakgrunn

Telenorleikane gjekk av stabelen i Meråker i perioden 10.-13. mars 2016. Frå Sogn og Fjordane deltok 10 utøvarar.

Komiteen evaluerte Telenorleikane 2016 på følgjande punkt;

- Sportslege resultat:
Beste resultat var ein 9. plass på super-g av Trym D. Lødøen (Haugen IL). Men tek ein med enkelt omgangar så var det mange som presterte godt.

Disiplinen ein har størst potensiale for framgang, må nok kunne seiast er fart, og då særleg i flate parti.

- Sportsleg opplegg:
I forkant var trening med Møre og Romsdal og tidsplan klarlagt. Men det meste av tidskjemaet vart «endevendt», så særleg jentene fekk lange dagar med venting. Ser i ettertid at vi skulle ha hatt med eigen staur slik at dei kunne utnytta tida betre når det var endringar. Skulle også teke video av slalåmen, då vi hadde ein tvilsom disk her. Ein meir bestemt rollefordeling slik at alle foreldrene bidrar under renna er og noko vi tek med oss.
- Logistikk (informasjon, overnatting, transport m.m.):
Suksess med fellestransport, berre positivt frå utøvarar og foreldre. Innkvartering var dyr, men veldig sentral, god plass og god standard.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

SAK 46 15-17

Evaluering av fellesopplegg – Hovudlandsrennet 2016 Bakgrunn

Hovudlandsrennet i alpint vart avvikla på Bjorli i perioden 15.-20. mars 2016. Frå Sogn og Fjordane deltok 10 utøvarar.

Komiteen evaluerte Hovudlandsrennet 2016 på følgjande punkt;

- Sportslege resultat:
Fleire gode resultat, Reiel Felde (BBIL) hadde nok dei beste samla sett. Men også her var det fleire som hadde gode omgangar og når ein ser på årgangen utøvarane tilhøyrer, så er her mange gode prestasjonar.
- Sportsleg opplegg:
Godt og velfungerande opplegg. Det var ordna med trening i forkant og Even Hole deltok under fartsdelen. Spesielt gode tilbakemeldingar på video, gjennomgang av teknikk, synfaring og gjennomgang av treningsomgangar. Laga eige prepperom!
- Logistikk (informasjon, overnatting, transport m.m.):
Transport var med privatbilar. Overnattinga var ikkje optimal. Det viser seg at pris ikkje alltid er det viktigaste. Hems er ikkje eigna som overnatting når ein er på meisterskap ei heil veke. Vart då for lite sengeplassar.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

SAK 47 15-17

Evaluering av sonetreningar, vinteren 2016 Bakgrunn

Krinstrenar i alpint, Even Hole, har gjennomført følgjande sonetreningar vinteren 2016:

Sunnfjord:

- Sunnfjord Skisenter, 07. januar 2016
- Jølster Skisenter, 25. januar 2016
- Sunnfjord Skisenter, 19. februar 2016

Sogn:

- Sogndal Skisenter, 20. januar 2016
- Sogn Skisenter, 11. februar 2016
- Sogndal Skisenter, 02. mars 2016

Nordfjord

- Jølster Skisenter, 13. januar 2016
Denne samlinga skulle opphæveleg avviklast ved Harpefossen Skisenter. Men dårlege snøtilhøve i Nordfjord medførte at samlinga vart flytta til Jølster Skisenter.
- Stryn Skisenter, 04. februar 2016.
Samlinga vart avlyst grunna Olaf Betten si gravferd.
- Breimsbygda Skisenter, 24. februar 2016
- Harpefossen Skisenter, 16. mars 2016
Samlinga vart ikkje gjennomført fordi Even Hole var hovudleiar for fartsdelen i samband med Hovudlandsrennet på Bjorli.

I tillegg gjennomførte krinstrenar ei rekkje barmarkssamlingar sommaren og hausten 2016.

Komiteen evaluerte sonetreningane med Even med fylgjande punkt;

- Sonetreningane i Sogn og Sunnfjord gjekk som planlagt. Eine samlinga i Nordfjord (Harpefossen) vart flytta til Jølster, medan samlinga i Stryn vart avlyst grunna Olaf Betten si gravferd. I ettertid vart det sett opp nytt tidspunkt for samling på Harpefossen, men denne kolliderte med Hovudlandsrennet på Bjorli.
- Justere opp innslagspunktet til U12. (og eldre)
- Prøve å legge treningane til rennfrie helgedagar, men ha reservedagar i vekene der klubbane kjem med forslag på ønska vekedag.
- Viktig å trene element: start, hockey, gli og «pumping/ jobbing».

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å vurdere ei justering av modellen for sonetreningane vinterstid.

Aktuell modell for sesongen 2016-2017 kan vere å legge til rette for eit opplegg som i større grad er basert på aktivitet laurdagar og søndagar.

Desse treningane må i så fall approberast i alpinkomiteen si terminliste for kommande sesong (herunder samordning med aktuelle krinsrenn samt nasjonalrenn og meisterskap).



Innslagspunktet for treningane er U12 (og eldre.....)

Følgjande personar får ansvar for å utarbeide ein justert modell for treningssamlingane vinterstid; Per Lambrechts og Per Asbjørn Felde.

Aktuell modell skal avklarast med Even Hole.

Ein gjer vidare vedtak om at Even Hole skal vere hovudtrenar i samband med lokal fartssamling vinteren 2016-2017. Elles må ein setje av fleire aktuelle helgar til fartstrening, med bakgrunn i evt. flytting av tidspunkt grunna dårleg vèr- eller snøtilhøve.

SAK 48 15-17

Fjord1 samlingar 2016-2017

Bakgrunn

Leiar i alpinksomiteen legg saman med adm. sjef og krinstrenar fram følgjande rammer for samlingsplan kommande sesong:

Månad	Dato	Ski	Barmark	Kvar	Trenar	Merknad
April	08.-09./04	2 dagar		Jølster	Even Hole	
Mai		3 dagar		Jølster	Even Hole	
Mai			2 dagar	Førde	Even Hole	Program, Iron-Man
Juni	10.-12./06	3 dagar		Juvass	Even Hole	Evt. ARAN
August			2 dagar	Sandane	Even Hole	
August	19.-21./08	3 dagar		Juvass	ARAN	2 trenarar
September	16.-19./09	4 dagar		Juvass	ARAN	2 trenarar
September			2 dagar	Sandane	Even Hole	
Oktober	09.-15./10	7 dagar		Hintertux	ARAN	2 trenarar
Oktober			2 dagar	Førde	Even Hole	Iron-Man
November			2 dagar	Sandane	Even Hole	
November	24.-27./11	4 dagar		Kvitfjell	ARAN	3 trenarar
Januar	05.-08./01	4 dagar		Hafjell	ARAN	3 trenarar
Februar	02.-05/02	4 dagar		Sogn og Fj.	ARAN/ Even Hole	1 trenar ARAN + Even Hole
SUM		34 dagar	10 dagar			

Komiteen må vere merksame på at barmarkssamlingane ikkje er tidfesta p.t.

VEDTAK

Alpinksomiteen vedtek samlingsplanen slik den føreligg med følgjande kommentarar/ endringar:

- Skisamlinga i mai vert endra til ei to-dagars samling. Aktuell dato er 30.04-01.05 eller 07.05-08.05. Even Hole må avklare dato.
- Skisamlinga i august vert endra til 12.08-14.08 (før skulestart).
- Ein bør kontakte klubbane på Sunnmøre om evt interesse for å delta i Hintertux,, og også evt på ARAN samlingar, grunna få utøvarar.
- Even må fastsette aktuelle datoar for barmark.

SAK 49 15-17

Handlingsplan 2015-2016

Bakgrunn

Viser til vedtak og saksutgreiing i Sak 49 15-17 og Sak 54 15-17 frå møte i Skikrinsstyret.

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at greinkomitéane definerar ansvarsområde på overordna- og tiltaksnivå i gjeldande handlingsplan. Tiltaket skal følgjast opp ifbm. neste møte i respektiv komité.

Handlingsplan 2015-2016 er vedlagt.

VEDTAK

Komiteen fekk ikkje tid til å handsame saka,, men Atle utarbeider eit forslag til ansvarsfordeling vedrørende handlingsplanen. Forslaget vert sendt komiteen.

SAK 50 15-17

Terminliste 2016-2017

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøtet 2016 skal avviklast på Skei v/ Thon Jølster Hotell.

I samband med møtet skal komiteen legge fram rammer for Terminliste Alpint 2016-2017.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at følgjande føringar skal leggst til grunn ved utarbeiding av Terminliste Alpint 2016-2017:

- Alle klubbar som ynskjer å arrangere renn skal få tilbod via e-post.
- Om vær og forhold tilseier at vi må flytte på fartsrenn så gjer ein dette.
- Utnytte ledige helgedagar til sonetreningar med Even Hole.
- Legge «julerennet» inn i terminlista.
- Vårmøte skal diskutere kvalik- reglane til HL/ LF; tal renn i kvar disiplin og korleis ein skal telje poeng (heile renn eller omgangar).
- Opprette dialog med Hordaland og Møre og Romsdal om eit eventuelt samarbeid på felles kvalik.- renn (ei helg). Arrangementet skal evt. terminfestast. Atle tek seg av kontakten.
- Per Asbjørn Felde skal bistå adm. i arbeidet med terminlista.

SAK 51 15-17

Vårmøtet, 09. juni 2016

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøtet 2016 skal avviklast 09. juni på Skei v/ Thon Jølster Hotell.

Alpinkomiteen fastset sakliste for møtet.

I samband med Vårmøtet 2015 la ein til grunn følgjande sakliste:

- 1) Godkjenning av innkalling og sakliste
- 2) Utdanning/ Trenarløypa v/ Einar Witteveen
- 3) Evaluering av sesongen 2014-2015
- 4) Sportsleg opplegg sesongen 2015-2016
- 5) Rammer for Terminliste Alpint 2015-2016
- 6) Økonomi/ marked

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste i samband med Vårmøtet 2016:

- 1) Godkjenning av innkalling og sakliste
- 2) Evaluering av sesongen 2015-2016
- 3) Sportsleg opplegg sesongen 2016-2017
- 4) Rammer for Terminliste Alpint 2016-2017
- 5) Økonomi / marknad
- 6) Eventuelt

ORIENTERINGSSAKER

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)
Leiar AK

Per Asbjørn Felde (s)
Referent

Vedlegg SAK 62 15-17 SFSK AK referat frå Vår møtet 15.06.2016

Alpinkomiteen@

Sakshand.: AH/ YT

Dato: 17.06.2016

Arkivk.: styret/møter/vår møte2016/AK

REFERAT VÅRMØTET 2016 - ALPINKOMITEEN

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Onsdag 15. juni 2016, kl. 18.00 – 20.30

Sakliste

SAK 01 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 02 Val av referent
SAK 03 Evaluering av sesongen 2015-2016
SAK 04 Sportsleg opplegg sesongen 2016-2017
SAK 05 Rammer for terminliste 2016-2017
SAK 06 Økonomi/ marked

EVENTUELT

TIL STADES: Fabian Bergquist (Jølster IL), Anders Engeland (Haugen IL), Rune Espe (Haugen IL, AK), Per Asbjørn Felde (BBIL, AK), Olav Erik Hagen (IL Vetem), Atle Hamar (Jølster IL, AK), Magne Hofslundsengen (Sogndal IL), Per Lambrecht (Førde IL, AK), Tone Lin S. Skovro (Jølster IL), Yngve Thorsen (adm.), Hege Venes (Sogndal IL, AK), Jarle Viken (Sogndal IL) og Jan Inge Årdal (Jølster IL)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

SAK 01 Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK/ OPPFØLGING
Vår møtet godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 02 Val av referent

Bakgrunn

Alpinkomiteen har følgjande forslag til referent.

Yngve Thorsen (adm. sjef i skikrinsen).

VEDTAK/ OPPFØLGING

Yngve Thorsen (adm. sjef i skikrinsen) er valt som referent.

SAK 03

Evaluering av sesongen 2015-2016

Bakgrunn

Leiar i komiteen (Atle Hamar) oppsummerte sesongen 2015-2016 på følgjande punkt:

- Lokale snøforhold;
- Varierende snøvinter i fylket
- Stor rennaktivitet
- Positiv trend m.o.t. renndeltaking (krinsrenn)
- Fjord1 samlingar med ARAN (Alpine Race Academy Norge)
- Sonetreningar med Even Hole
- Sportslege resultat (FIS, HL og Telenorleikane)
- Fellesopplegg Hovudlandsrennet og Telenorleikane
- Fjord1 Cupen 2016, sviktande deltakartal
- AK er særst godt nøgde med at 4 utøvarar frå fylket er klare for "skigymnas":
 - o Reiel Felde (BBIL) – Oppdal
 - o Thomas Nornes (Sogndal IL) – Oppdal
 - o Jonas Henden Drageset (Stryn T&IL) – Lillehammer
 - o Emma Åsebø (Haugen IL) - Lillehammer

VEDTAK/ OPPFØLGING

Vårmøtet tek saka til orientering, og kjem vidare med følgjande innspel:

Alpinkomiteen bør vurdere tidlegare/ meir fartstrening i samband med Hovudlandsrennet i 2017. Vidare er det ynskje om at Even Hole skal fortsette som hovudleiar på fartsdelen ifbm. same arrangement.

Når det gjeld Fjord1 Cupen så er det sviktande deltaking, og komiteen bør gjere ei nærare vurdering m.o.t. konseptet knytt til gjennomføring av desse arrangementa.

SAK 04

Sportsleg opplegg sesongen 2016-2017

Bakgrunn

Saman med leiar i komiteen (Atle Hamar) presenterte sportsleg ansvarleg i komiteen (Rune Espe) det kretsbaserte samlingsopplegget sesongen 2016-2017.

(Saka fort. på neste side)

Stad	Tidspunkt	Aldersgr.	Tekn. arr.
Jølster	08.-09. april 2016	U12 -	SFSK (EH)
Jølster	07.-08. mai 2016	U12 -	SFSK (EH)
Sandane	13.-14. mai 2016	2006 og el.	BBIL/ SFSK (EH)
Juvass	18.-20. juni 2016	2006 og el.	SFSK (EH)
Juvass	19.-21. aug. 2016	2006 og el.	ARAN
Sandane	26.-27. aug. 2016	2006 og el.	BBIL (EH)
Juvass	16.-19. sept. 2016	2006 og el.	ARAN
Sandane	23.-24. sept. 2016	2006 og el.	BBIL (EH)
Hintertux	09.-15. okt. 2016		ARAN
Førde	21.-22. okt. 2016	2006 og el.	Førde IL (EH)
Sandane	11.-12. nov. 2016	2006 og el.	BBIL (EH)
Kvitfjell	24.-27. nov. 2016		ARAN
Hafjell	05.-08. jan. 2017		ARAN
Sogn og Fj.	02.-05. feb. 2017	2006 og el.	ARAN/ EH

VEDTAK/ OPPFØLGING

Vårmøtet tek saka til orientering, og kjem vidare med følgjande innspel:

Alpinkomiteen bør svurdere å ta initiativ til ei felles Miljøsamling i lag med langrennskomiteen (hausten 2017).

SAK 05

Rammer for terminliste 2016-2017

Bakgrunn

Medlem i alpinkomiteen (Per Asbjørn Felde) la fram drøftingsgrunnlag for terminliste 2016-2017

VEDTAK/ OPPFØLGING

Vårmøtet tek saka til orientering, og kjem vidare med følgjande innspel:

- 1) Vårmøtet er av den oppfatning at kvalik. reglementet ikkje skal endrast.
- 2) Alpinkomiteen bør vurdere om krinssamlingane med Even Hole skal gjennomførast i framkant av aktuelle krinsrenn.
- 3) I utgangspunktet skal Fjord1 samlinga i februar 2017 gjennomførast på Harpefossen, men ein skal ta omsyn til rådande bakkeforhold før endeleg avgjersle.

SAK 06

Økonomi/ marked

Bakgrunn

Adm. sjef (Yngve Thorsen) la fram alpikomiteen sin rekneskap pr. 31.12.2015.

Nøkkeltal pr. 31.12 2015:

Sum driftsinntekter;	kr. 1 240 588,-
Sum driftskostnader;	kr. 1 180 114,-
Resultat;	kr. 60 474,-
Eigenkapital AK	kr. 155 263,-

Samla har komiteen gjort ei avsetning på kr. 75 000,- frå 2015 til 2016. Avsetninga skal nyttast til vidare drift av prosjektet "Krinstrenar Alpint".

Det øvrige overskotet er tilført komiteen sin spesifiserte eigenkapital (jf. vedtak i Skikrinsstyret).

VEDTAK/ OPPFØLGING

Vårmøtet tek saka til orientering, og kjem vidare med følgjande innspel:

Alpinkomiteen bør vurdere å auke støtta til FIS-løparane frå 5 til 10 FIS-renn.

EVENTUELT

Ingen saker.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)
Leiar, AK

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef/ ref.

Vedlegg SAK 63 15-17 SFSK HKK referat frå Vår møtet 09.06.2016

Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: JOL/GF/YT Dato: ~~02.10~~16. juni 2016
hkk/møter/protokoll/15-17

Arkivk.:

REFERAT VÅRMØTET HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN, 09. JUNI 2016

Stad: Skei, Thon Jølster Hotel
Tidspunkt: Torsdag 09. juni, kl. 19.00-21.00

Sakliste

SAK 01	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 02	Val av referent
SAK 03	Terminliste 2016-2017
SAK 04	Rekruttsamlingar 2016
SAK 05	SUM-modellen
SAK 06	Status hoppdommarar og kurs
SAK 07	Økonomi

EVENTUELT

TIL STADES: Gunnar Fannemel, Lars Kveen, Jan Inge Årdal, Lars Brekke, Jon Ove Lomheim

REFERENT: Jon Ove Lomheim

SAK 01 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Tilleggsaker, men elles ingen merknad

SAK 02 **Val av referent**
Jon Ove Lomheim

SAK 03 **Terminliste 2016-2017**
1. Jon Ove = Terminlisteansvarleg

2. Sommarhopp Stryn
SFE-cup: 19.juni + 2 august/september (koordiner med renn i Molde, Gunnar skaffar dato).
Gunnar informerer Veten IL
3. Terminliste vintersesong koordinerast med M&R og Hordaland
4. Prioriteringar i terminlista vinter:
 - a. Nasjonalt: «Solan Gundersen»
 - b. Treningssamling romjula, Veten m/treningsrenn (avtale med Veten)
 - c. Vestlandske skistemne, Voss
 - d. «Vestlandsk meisterskap», Veten
 - e. KM: Kleivabakken (Gaular/Førde) eller Kvam (Hafslo)
 - f. Fleire renn nasjonalt og lokalt i Bjørkelibakkane
5. Jon Ove lagar utkast til komite og nabokrinsar

SAK 04

Rekruttsamlingar 2016

Regionvise, Vik, Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Gjerne barmark. Intresserte lag melder aktivitet til krinsen. Ved behov for bistand forsøker vi å få det til. Kanskje slik aktivitet kan knyttast opp mot andre greiner. (kfr SUM)

SAK 05

SUM-modellen

Skiforbundets Utviklingsmodell, vedteke på skiforbundet sitt ting i mai Finn dokumentet under «Skitinget 2016» under «Dokument», sjå spesielt side 4.

Grunnlag for krinsane og idrettslaga sine handlingsplanar der ein må tenke meir breidde (framfor konkurranse)

Utfordring for idrettslag til å tenke nytt i sitt aktivitetsopplegg

SAK 06

Status hoppdommarar og kurs

Nordfjord: Knut Leirgulen og Lars Taraldset

To-tre nye bør på plass i tillegg: Gunnar og Lars Kveen skaffar kvar sin (evt den tredje)

Sunnfjord: Tollef Årdal, Einar Eimhjellen, Rune Botnen

To nye bør på plass i tillegg: Jan Inge spør kandidatar

Sogn: Per Birger Lomheim, Arne Skeie, Lars Brekke

To nye bør på plass i tillegg: Jon Ove og Lars Brekke spør kandidatar

SAK 07

Økonomi

Yngve Thorsen orienterte.



Overskot: 20.488,39 (tilført egenkapital)
Egenkapital pr 31.12.2015: 88.094,-

EVENTUELT

Minihoppbakke ved Hafslo og Gaupne skule.
Jon Ove sjekkar interesse

Bruk av plastbakkar i Stryn (Bjørkelibakken) til andre aktivitetar enn hopp.
HHK meiner prinsippielt at det kun skal brukast ski i samsvar med bruken av
offentleg støtte («spelemidlar» mm). Hopp har prioritet framfor anna
aktivitet !

Spesielt uheldig «anna bruk» i K40. Kva med forsikring, slitasje osv.
Ekstra farleg aktivitet og slitasje pga manglande vatning og kostnad med
tidleg rehabilitering (pga bruken)

Oppstryn IL har meldt intresse for bruk av SFE bakken ifm ”ta sjansen”

Hafslo, 16.06.2016

Vedlegg SAK 64 15-17	SFSK LK protokoll nr. 03 15-17
-----------------------------	---------------------------------------

Langrennskomiteen@
Krinslagstrenarane@

Sakshand.: YT/AHE

Dato: 06.05.2016

Arkivk.: lk/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 03 I LANGRENNSKOMITEEN, 2015-2017

Stad: Skei, Thon Jølster Hotel
Tidspunkt: Onsdag 04. mai 2016, kl. 17.00-21.30

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 23 15-17	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 24 15-17	Godkjenning av protokoll nr. 02 15-17 frå LK
SAK 25 15-17	Protokoll frå møte nr. 02 15-17 i Skikrinsstyret
SAK 26 15-17	Protokoll frå møte nr. 03 15-17 i Skikrinsstyret

RAPPORTERING

SAK 27 15-17	Rekneskap 2015
SAK 28 15-17	Rekneskapsrapport pr. 13.04.2016

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 29 15-17	Evaluering av krinlagsaktiviteten 2015-2016
SAK 30 15-17	Krinlagsaktiviteten sesongen 2016-2017
SAK 31 15-17	Generell oppsummering av sesongen 2015-2016
SAK 32 15-17	Rammer for Terminliste sesongen 2016-2017
SAK 33 15-17	Handlingsplan 2015-2016
SAK 34 15-17	Vårmøtet 2016
SAK 35 15-17	Jentesamlingar 2016

ORIENTERINGSSAKER

SAK 36 15-17	Sognefjellet Sommarskiskule 2016
SAK 37 15-17	Trenar I og II kurs i langrenn, Sognefjellet
SAK 38 15-17	Team Veidekke Vest

EVENTUELT

- TIL STADES:** Arthur Hegrenes, Oddmund Lefdal, Torunn Grut, Åsa Lerum, Asgeir Årdal, Simen Bækken, Sindre Hoff, Ingrid Narum og Yngve Thorsen (adm.)
- FORFALL:** Liv Kr. E. Rauset
- MERKNADER:** Krinslagstrenarane Asgeir Årdal, Simen Bækken, Sindre Hoff og Ingrid Narum deltok i møtet i samband med Sak 28 og 29 15-17. Desse sakene vert gjennomført frå kl. 17.00-19.00.
- REFERENT:** Yngve Thorsen (adm.)
-

REFERATSAKER

SAK 23 15-17

Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 24 15-17

Godkjenning av protokoll nr. 02 15-17 frå LK Bakgrunn

Protokoll nr. 02 15-17 frå langrennskomiteen er sendt ut tidlegare. Denne finn ein også vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 02 15-17.

SAK 25 15-17

Protokoll frå møte nr. 02 15-17 i Skikrinsstyret Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 02 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek protokollen til orientering.

SAK 26 15-17

Protokoll frå møte nr. 03 15-17 i Skikrinsstyret Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 03 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING

SAK 27 15-17

Rekneskap 2015 Bakgrunn

Rekneskap for 2015 er sendt ut på førehand.
Adm. la fram rapporten.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner rekneskapen for 2015.

Nøkkeltal 2015:

- Driftsinntekter; kr. 1 430 884,-
- Driftskostnader; kr. 1 356 141,-
- Resultat; kr. 74 742,-

Resultatet vert lagt til komiteen sin egenkapital.

SAK 28 15-17

Rekneskapsrapport pr. 13.04.2016

Rekneskapsrapport pr. 13.04.2016 er sendt ut på førehand.
Adm. la fram rapporten.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 29 15-17

Evaluering av krinslagsaktiviteten 2015-2016

Bakgrunn

Saman med krinslagstrenarane evaluerte langrennskomiteen krinslagsaktiviteten sesongen 2015-2016;

- sportslege resultat 2015-2016
 - o stor breidde (Asgeir Å.)
 - o mange gode sportslege resultat (Asgeir Å.)
 - o fleire døme på at ein kan bli god ved å vere ein del av krinslaget (Simen B.)
 - o fleire løparar med bra potensiale (Ingrid N.)
- krinssamlingar 2016
 - o godt «trøkk» på samlingane (Asgeir Å.)
 - o noko varierende motivasjon blant løparane (Asgeir Å./ Simen B.)
 - o god «miks» av løparar m.o.t. geografi og alder (Ingrid N.)
 - o godt miljø på samlingane (Ingrid N.)
 - o for mange løparar – går ut over kvaliteten på samlingane (Ingrid N.)
 - o noko dårleg treningskultur på samlingane (Ingrid N.)
 - o unikt opplegg i kretsen (Simen B.)
 - o utøvarane i Sogn og Fjordane er heldige som får ta del i eit velfungerande krinslagsopplegg (Simen B.)
 - o svært godt «trøkk» spesielt blant dei yngre utøvarane (Simen B.)
 - o setje klarare krav til utøvarane m.o.t. tidspunkt for frammøte etc.
 - o stor variasjon i gruppa (Sindre H.)
 - o manglande struktur på krinslaget (Oddmund L.)
- logistikk og smøreopplegg ifbm. samlingar/ nasjonalrenn og meisterskap
 - o velfungerande smøreopplegg på junior
 - o logistikkopplegget er bra

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2016-2017.

SAK 30 15-17

Rammer for krinslagsaktiviteten sesongen 2016-2017

Bakgrunn

Når det gjeld krinslagsaktiviteten sesongen 2016-2017 har ein økonomiske rammer til å fortsette på same nivå, og med same struktur som i sesongen 2015-2016.

Føresetnaden er ei reforhandling av samarbeidsavtalen med SFE på minimum av dagens nivå.

Forøvrig har Skikrinsstyret komt med innspel om at langrennskomiteen bør vurdere dagens modell opp i mot andre strukturar.

T.d. kan det vere aktuelt med ein struktur som er uttaksbasert, samstundes som ein ivaretek breidda. Dvs. at ein til dømes kan drøfte ein modell med maks. 12 løparar (??) på eit satsingslag (junior-senior), i tillegg til eit ope krinslag.

Grunnlag for drøfting i saka er vedlagt.

VEDTAK

Med bakgrunn i drøftingar samt framlagt døme på struktur, legg ein opp til følgjande grunnlagsmodell for krinslaga sesongen 2016-2017:

Krinslag Junior (17-18 år)

- ope krinslag (ikkje uttak).
- ca. 30 samlingsdøgn

Krinslag Senior/ Eldre junior (19/20 år – senior)

- uttaksbasert lag f.o.m. klasse 19/20 år
- ca. 40 samlingsdøgn
- maks. 9 løparar
- aktuelt å samarbeide med Team Veidekke Vest, Team Hallingdal og Hordaland Skikrets vedr. samlingar og logistikk knytt til nasjonalrenn og meisterskap
- 1-2 trenarar
- Utøvarar i klassane 19/20 år-senior, som ikkje får tilbod om plass på *Krinslag Senior/ Eldre junior* får tilbod om deltaking på *Krinslag Junior*.
- Det skal setjast tydelege krav til løparane på laget m.o.t. ;
 - o dialog med trenar
 - o føring av treningsdagbok
 - o frammøte på samlingar
 - o gjennomføring av økter på samlingar (presist frammøte, gjennomføre økter som planlagt etc.)
 - o deltaking norgescup/ scan. cup
 - o deltaking i Jr. NM/ NM

- Langrennskomiteen utfører uttak basert på følgende kriterie:
 1. *Løparane på laget skal tilhøyre klubb i Sogn og Fjordane. Løparar som dei seinare åra har gjort klubbyte til ein klubb utanfor regionen er aktuelle for uttak, om dei melder overgang til ein klubb i Sogn og Fjordane. Det vil ikkje bli gitt karantene om løparane har hatt tilknytning til klubb i regionen i oppveksten.*
 2. *Resultat i sesongen forut for uttak vil bli vektlagd. Målet med laget er å få løparar inn på Team Veidekke Vest. Difor vil uttaket ha som utgangspunkt at løparane skal kunne vere aktuelle for dette på sikt.*
 3. *Laget vil ikkje ha ei aldersgrense oppover, men det er avgjerande at løparane på laget har stort potensial til å vidareutvikle seg.*
 4. *Løparane må vere motiverte og viljuge til å satse på eit høgt nivå. Løparar kan verte innkalla til intervju forut for uttak. Personlege eigenskapar kan difor vere avgjerande*
 5. *Løparar som representerer laget skal vere inkluderande, inspirerande og motiverande for andre løparar i fylket. Personlege eigenskapar kan difor vere avgjerande for plass på laget.*
 6. *Kvinner og menn vurderast likt. Det vil ikkje vere kjønnskvoltering. Målet er likevel 20% kvinner på laget.*
 7. *Uttakskomiteen består av langrennskomiteen.*
 8. *Dersom det er usemje om uttaket skal det avgjerast ved avstemming i langrennskomiteen.*
 9. *Dersom nokre av medlemmane i langrennskomiteen har familiær knytning til aktuelle utøvarar, skal ein gå i frå som ugild i saka.*

SAK 31 15-17

Generell oppsummering av sesongen 2015-2016

Bakgrunn

Langrennskomiteen evaluerte sesongen 2015-2016 på følgjande punkt;

- arrangementavvikling/ terminliste
 - godt gjennomført krinsmeisterskap på Langeland (Førde IL)
 - generelt gode fasilitetar i samband med krinsrenn
 - relativt god deltaking på krinsrenn
- rekruttering
 - sårbare miljø
 - noko varierende rekruttering i laga

- sportslege resultat
 - sjå Sak 29 15-17

- logistikk nasjonalerenn og meisterskap
 - sjå Sak 29 15-17

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2016-2017.

SAK 32 15-17

Rammer for Terminliste sesongen 2016-2017

Bakgrunn

Rammene for langrennskomiteen si terminliste 2016-2017 skal leggest fram for Vår møtet 09. juni, før den vert sendt til høyring i laga.

Endeleg handsaming av terminlista skjer i samband med langrennskomiteen sitt Haustmøte.

I det vidare arbeidet bør ein m.a. drøfte følgjande i høve Terminliste Langrenn 2016-2017;

- arrangør av Krinsmeisterskapen
- krinsmeisterskap i duathlon
- variasjon i øvingsutval (klassisk, friteknikk, sprint, duathlon, fellesstart langdistanse, etc.).
- vintersamling for krinslaget i langrenn.
- m.m.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om at Oddmund Lefdal skal ha ansvar for prosessen med terminlista 2016-2017.

Ved utarbeiding av høyringsforslag til terminliste kjem Oddmund Lefdal med framlegg til arrangør av krinsmeisterskapen 2017, samt arrangør av evt. krinsmeisterskap i duathlon.

I framlegget vurderar Lefdal variasjon i øvingsutøval, samt evt. dato for vintersamling for krinslaget i langrenn.

SAK 33 15-17

Handlingsplan 2015-2016

Bakgrunn

Viser til vedtak og saksutgreiing i Sak 49 15-17 og Sak 54 15-17 frå møte i Skikrinsstyret.

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at greinkomiteane definerar ansvarsområde på overordna- og tiltaksnivå i gjeldande handlingsplan. Tiltaket skal følgjast opp ifbm. neste møte i respektiv komitè.

Handlingsplan 2015-2016 er vedlagt.

VEDTAK

Leiar i komiteen utarbeidar framlegg til ansvarsdeling (på personnivå) i handlingsplan 2016-2017. Arbeidet vert utført i samarbeid med adm.

Framlegget vert presentert i samband med neste møte i komiteen.

SAK 34 15-17

Vårmøtet 2016

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøtet 2016 skal avviklast 09. juni på Skei v/ Thon Jølster Hotell.

Langrennskomiteen fastset sakliste for møtet.

Ibhm. Vårmøtet 2015 la ein til grunn følgjande sakliste:

- 1) Oppsummering av sesongen 2014-2015
- 2) Terminliste 2015-2016
- 3) Korleis kan vi ivareta jentene i langrennssporten?
- 4) Krinslagsaktiviteten 2015-2016
- 5) Økonomi/ marked

I samband med møtet 09. juni deltek Per Nymoen og Erik Aas Andersen frå Norges Skiforbund.

Aktuelle tema for Per Nymoen sitt innlegg er:

- Utdanning/ Trenarløypa
- Skøyteproblematikk i langrenn
- m.m.

Aktuelt tema for Erik Aas Andersen sitt innlegg er:

- Utvikling og opparbeiding av anlegg for langrennscross

I framkant av Vårmøtet avviklar skikrinsen, i samarbeid med fylkeskommunen, Anleggskonferanse om skianlegg.

Innbyding til Anleggskonferansen, 09. juni v/ Thon Jølster Hotell;
<http://www.skiforbundet.no/Documents/Krets/Sogn%20og%20Fjordane/Styret/Anlegg/Anleggskonferanse/2016/Program%20innbyding.pdf>

Framlegg til VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste i samband med Vårmøtet 2016:

- 1) Oppsummering av sesongen 2015-2016 v/ Arthur Hegrenes
- 2) Terminliste 2016-2017 v/ Oddmund Lefdal
- 3) Utdanning/ kompetanseutvikling/ Utviklingstrappa v/ Per Nymoen, NSF

- 4) Skøyteproblematikk i klassisk langrenn v/ Per Nymoen, NSF
- 5) Utvikling av anlegg for langrennscross/ skileik v/ Erik Aas Andersen, NSF
- 6) Krinslagsstruktur 2016-2017 v/ Torunn Grut og Arthur Hegrenes
- 7) Økonomi/ marked v/ Yngve Thorsen

SAK 35 15-17

Jentesamlingar 2016

Bakgrunn

Jf. langrennskomiteen sin handlingsplan skal ein avvikle min. 1 stk. jentesamling innan 01.11.2016.

VEDTAK

Torunn Grut følger opp tiltaket saman med Åsa Lerum.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 36 15-17

Sognefjellet Sommarskiskule 2016

Bakgrunn

Sognefjellet Sommarskiskule går av stabelen i perioden 19.-23. juni 2016. Pr. 04.05.2016 er det påmeldt 25 utøvarar. Fristen for påmelding til sommarskiskulen går ut 01. juni 2016.

Sommarskiskulen vert avvikla i samarbeid med Sognefjellet Sommar-skisenter og Fanaråk IL.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

SAK 37 15-17

Trenar I og II kurs i langrenn, Sognefjellet

Bakgrunn

Trenarkurs på Sognefjellet 2016 vert avvikla slik:

- Trenar II: 17.-21. juni 2016
- Trenar I: 21.-23. juni 2016

Kursa vert avvikla i samarbeid med Norges Skiforbund.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

SAK 38 15-17

Team Veidekke Vest

Bakgrunn

Norges Skiforbund har forlenga avtalen med Veidekke, og Team Veidekke Vest vil difor fortsette som eit satsingslag på seniorsida også sesongen 2016-2017. Trenar Frank Heggebø har valgt å gje seg, og ein er difor på «jakt» etter ny trenar. Stillinga er lyst ut, og søknadsfrist er sett til 16. april 2016.

Sjå utlysninga her; <http://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/?npid=17208&page=Ledig+trenerstilling+i+Team+Veidekke+Vest>

Når det gjeld uttak av nytt lag, vil dette skje parallelt med skiforbundet sine uttak til sine lag, og dette vert endeleg klart i slutten av mai.

Skiforbundet er involvert i uttaket gjennom Brit Baldishol, som også sit i styringsgruppa for Team Veidekke Vest. Også leiarane i langrennskomitèane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Agder og Rogaland Skikrets er i styringsgruppa og uttakskomiteen.

Fordi trenar også skal vere med i uttakskomiteen, må denne vere på plass før endeleg uttak vil vere klart.

Uttakskriteria vert som i fjor – desse finn ein på følgjande nettside;

<http://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/?npid=17270&page=Informasjon+TVV>

Det vart også orientert om markedssituasjonen til teamet.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Arthur Hegrenes (s)
Leiar LK

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef